

## **Styremøte i Bryggja utviklingslag, mandag 8/1 -18**

Desse møtte: Geir T. Engdal, vara Iselin Endal, Linda Nykrem, vara Solveig Haugan og Øystein Hessevik.



### **Sak 1 Bryggja privatskule**

Iselin og Øystein informera om at det er oppretta eit interimsstyre som skal arbeide for oppretting av Bryggja privatskule. Utviklingslaget er spurt om å stille med aksjekapital.

Foreslått å bidra med 40 000,- frå utviklingslaget og 10 000,- frå arbeidsgruppa inn til startkapital.  
Utviklingslaget stiller med totalt 50 000,-

Einstemmig vedteke i styret.

### **Sak 2 Orientering om søknad Søholmen**

Budsjett for skjøtsel av holmen er utarbeida og vert sendt til kommunen ved Odd Gunnar Myre, tenesteleiar kultur. Han sender vidare søknad til fylkeskommunen. Det kom innspel om at ein må söke om midlar til taket på dohuset for å få ferdig dette. Budsjett for holmen vert oversendt kommunen før 15.01.18

### **Sak 3 Orientering om 4H gapahuk**

Leiar informerer om Hei og Hå 4H sine planar om bygging av gapahuk ved Lefdalsvatnet. 4H har ca 150 000,- til formålet. Utviklingslaget stiller seg positiv til tiltaket og samtidig villig til å vere med å drive det fram. Oppstart er vår 2018.

### **Sak 4 Orientering buldrevegg**

Leiar informerer om planlagd oppstart for bygging av buldrevegg i grendahuset. Planlagd oppstart og fullføring av prosjektet er i vinter. Søknad som vart sendt til SFE fekk vi ikkje noko på. Forslag om å söke midlar med Marin Harvest og Sanitetten. Geir utarbeider desse søknadane.

### **Sak5 Førebuing til årsmøte**

Årsmøtet vert onsdag 15.mars klokka 20.00 på omsorgsenteret. Øystein legg ut innkalling og sakliste på bryggja.no og BU si facebookside. Geir ordnar med annonse i fjt. Øystein kontaktar valnemnda og sette dei i gang med arbeidet deira. Bestille stor blautkake med bakeriet (rest til bebuarar på omsorgsenter).

Geir T. Engdal

Linda Kristin

Øystein S. Hessevik

Solveig Haugan

Solveig Haugan

Iselin Endal